



Laget i jenter 13 frå Rosendal og Uskedalen spela uavgjort 0-0 mot Oppedgård i Norway Cup på morgonkvisten tysdag.

Dermed kvalifiserte dei seg ikkje til A-sluttspilet, men til B-sluttspilet. Her skal det ikkje spelast kamp før torsdag.

B-sluttspilet er for dei som vart nummer tre på tabellen, medan dei to første går vidare til A. Kven laget frå Rosendal/Uskedalen skal møte i sluttspilet er førebels ikkje klart.

Uskedelingane på dette laget er Katrine Yri Røssland, Anne Marthe Zimmer, Karoline Isdal Amundsen og Kari Bråtun.

Jentene frå Kvinnerad var spelemessig det beste laget og var uheldige som ikkje fekk ballen i mål. Dei hadde nok av sjansar til å vinna og då ville dei sigra i pulja.

Oppedgård toppar tabellen foran Vålerenga etter dei innleiande kampene og dei to har altså kvalifisert seg for A-sluttspilet.

Herd kom ikkje vidare.

Dei eldste jentene til Rosendal (14 år) kan framleis koma til a-sluttspilet om dei slår Rollon seinare i dag.

Det er strålende sol over Ekebergsletta i føremiddag.

Av Ola Matti Mathisen